

NYHENDEBREV FRÅ HØGSKULEN I VOLDA, NR 2/2019, 11. JANUAR 2019.

"Kunnskap for framtida" www.hivolda.no

Redaktør: Rektor Johann Roppen, jr@hivolda.no

AKF: 4 SØKJARAR PÅ DEKANSTILLINGA

Søkjarane på dekanstillinga på Avdeling for kulturfag er følgjande: PhD Mashood Sheikh Ahmed (37) Tromsø, Branch Bank Deputy Abbas Malakouti Khah (38), prorektor Jens Standal Groven (46) Volda og ein søker som ikkje ønskjer at namnet skal bli offentleg kjent. Vedkomande er ein mann (56) frå Bergen.

UNIVERSITETET I AGDER SKAL UNDERSØKE TRAKASSERING AV TILSETTE

Høgskulen i Volda skal delta i Universitetet i Agder (UIA) si nasjonale undersøking av omfang på mobbing og trakassering i høgskule- og universitetssektoren. Kartlegginga blir gjennomført gjennom spørreskjema til alle tilsette på institusjonane som deltek i undersøkinga, og det vil skje i mars 2019 og resultatata vil ligge føre før sommarferien.

<https://khrono.no/kartlegging-reichert-seksuell-trakassering/12-har-sagt-ja-til-a-vaere-med-pa-felles-kartlegging-av-seksuell-trakassering/255378>

NYE INSTITUTTLEIARAR PÅ ASH

Frå årsskiftet har det vorte peika ut to nye instituttleiarar på Avdeling for samfunnsfag og historie (ASH). Nils Magne Magerøy som har vorte instituttleiar ved IPAS (Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag) etter Randi Bergem. På historisk institutt har Ola Teige teke over for Harald Endre Tafjord.

UTLYSING AV FORSKINGSMIDLAR FRÅ REGIONALT FORSKINGSFOND - FRIST 13. FEBRUAR

Regionalt Forskningsfond for Midt-Noreg har til å søkje på forskingsmidlar. Det er 18 millionar kroner tilgjengeleg og søknadsfristen er alt 13. februar. Bedrifter, klynger og kommunar kan søkje, men må samarbeide med FoU-miljø. Ta kontakt med forskingsleiar Henriette Hafsaas om du vurderer å søke. Meir informasjon på fondets nettsider:

<https://www.forskningsradet.no/servlet/web/prognett-midtnorge/Utlysning/RFFMIDT/1253960376462>

FORSKINGSSYMPOSIUM OM JOURNALISTIKK I JUNI 2019

Fagmiljøet på Avdeling for mediefag arrangerer 17-20.6. eit symposium for forskarar: "Professional and Peripheral News Workers and the Shifting Importance of Platforms". Fagleg leiar for symposiet er professor II Oscar Westlund. Symposiet vil bli arrangert på Høgskulen i Volda og i Olden, og deltakarane kan også få med seg ein tur til Geiranger og ein tur med taubana til Hoven i Loen.

<https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>

STATUS NYBYGGET

Det er framleis ikkje avklara når Statsbygg kan underteikne kontrakt om nybygget og detaljplanlegginga (optimaliseringsfasen) kan ta til.

<https://www.hivolda.no/nyhende/nytt-mediehus-ved-hogskulen-volda-expo-vann-konkurransen>

ØNSKJER KANDIDATAR TIL NYE EKSTERNE STYREMEDLEMMER

Hausten 2019 skal eit nytt høgskulestyre på plass. Kunnskapsdepartementet (KD) skal etter dagens reglar peike ut fire av styremedlemmene pluss fire vara. KD har bede høgskulestyret om å kome med framlegg på 10 personar som kan vere aktuelle som nye styremedlemmer: 5 kvinner og 5 menn. Høgskulestyret har peika ut eit utval som skal ta kontakt med aktuelle nye eksterne styremedlemmer. Utvalet er samansett av prorektor Jens Standal Groven, student Sara Bergland og avtroppande styremedlem Terje Heggem.

Dei som har framlegg til nye eksterne styremedlemmer kan ta direkte kontakt med eitt av medlemmene i utvalet. Utvalet må ha fått forslag seinast innan onsdag 16. januar for at ein skal rekke å handsame forslaga før dei sendast til KD innan 1. februar. Jf også artikkel i Khrono: <https://khrono.no/rektorvalg-styrer/her-kan-det-bli-utskiftninger-i-2019/253788>

BEDRIFTSFOTBALL: HØGSKULEN STILLER LAG I OLD-BOYS-TURNERING 12. JANUAR

Tilsette på høgskulen har kvar torsdag kl 15-16 opa fotballtrening for alle i idrettsbyget. Det er mange år sidan høgskulen stilte lag i bedriftsfotballserien. Men VTI Fotball arrangerer laurdag 12. januar fotballturnering i Mørehallen, og der er det old-boys-klasse for dei som er 35 år og eldre. Høgskulen stiller med lag i old-boys-klassa. Manager for HVO er evigunge Alf Roger Djupvik på ASH. Følg med på resultatata i turneringa på denne nettsida: <https://live.mylivescore.no/#/t/599/fixtures>

FRIST FOR REGISTRERING AV FAGLEGE ARBEID - 15. JANUAR

Seinast 15. januar 2019 må fagtilsette ha registrert FoU-arbeid frå 2018 i Cristin: <https://wo.cristin.no/as/WebObjects/cristin.woa/wa/registrering?la=no>

FRIST FOR Å SØKJE STØTTE TIL FORSKINGSGRUPPER – 15. JANUAR

Frå og med 2019 vert kr. 1 300 000 brukt til å stimulere aktivitet i forskingsgruppene: https://docs.google.com/forms/d/e/1FAIpQLSff1cqB6EJ43U_Lm6_iUDJffhEdt2Q8CvIRRks0wwsaKU8fQQ/viewform

FRIST FOR Å SØKJE FOU-STIPEND FOR HAUSTEN 2019 – 1. FEBRUAR

Det er sett av 5 ekstra FoU-stipend for hausten 2019: <https://www.hivolda.no/forskning/stotteordningar/fou-stipend/sok-pa-fou-stipend>

MØTE, SEMINAR OG ANDRE AKTIVITETAR I 2019

Sjå også datoar for festivalar på Festivalforum for Søre Sunnmøre: <http://festivalforum.no/informasjon/arshjulet/>

- 21.1.2019: Møte med Volda kommune og andre interessantar om utvikling av høgskuleområdet
- 24.1.2019: Opprykksmarkering for fagleg tilsette for åra [2016-2017-2018](#) (Rekkedal gjestehus)
- 24.-25.1.2019: Fagdag i geriatri (i samarbeid med Helse Møre og Romsdal, Sjustjerna helse og omsorg)
- 6.2.2019: Internasjonal dag. <https://www.hivolda.no/en/international/international-week-international-day>
- 14.2.2019: HMS-dag. Tema: Seksuell trakassering.

21.-22.3.2019: Avdelingsseminar ASH
22.2.2019: NSD informerer forskingsutvalet og faglege leiarar om personvern i forskning.
7.3.2019: Styremøte nr 1/2019
3.-4.4.2019: Solstrandseminaret, UH Nett Vest. <http://uhnettvest.no/>
10.-12.4.2019: ITS Volda (internasjonal studentkonferanse om lærarutdanning)
<https://www.hivolda.no/its-volda>
23.-24.4.2019: Avdelingsseminar AMF
2.5.2019: Styremøte nr 2/2019
13.6.2019: Styremøte nr 3/2019
17.-20.6.2019: The Volda Symposium 2019: Forskingskonferanse om journalistikk.
<https://www.hivolda.no/volda-symposium-2019>
19.-20.6.2019: Fjordkonferansen 2019. Tema: Digitalisering www.fjordkonferansen.no
20.6.2019: Sommaravslutning med 50-års markering for oppretting av DH (1969) - 25 års markering for HVO (1994) - byggestart for Sivert (Mediehuset)
20.8.2019: Semesterstart 2019-2020
18.-29.9.2019: Forskingsdagane 2019. Tema: Miljø.

HVO I MEDIA

Les nyhendeoppslag om HVO og HVO-tilsette i nyhendedia og sosiale media:
https://www.tintup.com/t/customer_2082469_hogskolenivolda

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA

<https://www.jobbnorge.no/ledige-stillinger/hoegskulen-i-volda>

REKTORBLOGGEN

<https://blogg.hivolda.no/jr/>

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

Facebook: <https://www.facebook.com/hivolda/>

Instagram: <https://www.instagram.com/hivolda/>

Youtube: <https://www.youtube.com/user/hivolda/>

Rektorbloggen: <https://blogg.hivolda.no/jr/>

Rektors Facebookside: <https://www.facebook.com/rektorHVO/>

Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget:

<http://evishine.dk/VoldaUniversityCollege?42229>

Bygging av nye studentheimar på Heltne - minutt-for-minutt-oppdatering:

<https://www.sivolda.no/aktuelt/folg-utbygginga-pa-heltne-ii-minutt-for-minutt-article810-926.html>